

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 16.09.2020 |
| Fylkesutvalet | | 17.09.2020 |
| Fylkestinget | | 29.09.2020 |

KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. To lånegarantiar. Økonomien ved KODE

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.
2. Vedtaket i punkt 1 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.
3. Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr 50 mill. til nytt magasin for KODE vert avslått, då staten framleis har hovudansvaret for finansiering av KODE.

Samandrag

Stiftinga KODE Kunstmuseer og Komponisthjem har i søknad datert 27.05.2020 søkt Vestland fylkeskommune om to lånegarantiar, ein til sluttfinansiering av El-katamaran til Lysøen på kr 5 mill. og ein til forbetring av magasinsituasjonen på kr 50 mill., til saman kr 55 mill. Fylkesrådmannen vurderer at lånegaranti for El-katamaranen kan innvilgast og at lånegaranti på kr 50 mill. til nytt magasin for KODE vert avslått, då staten har hovudansvaret for finansiering av musea. KODE sin økonomiske situasjon gjev grunn til uro, og krev styrking av lønnsemd og økonomi.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

KODE Kunstmuseer og Komponisthjem har i søknad datert 27.05.2020 søkt Vestland fylkeskommune om lånegarantiar for kr 55. mill.

Sitat frå søknaden:

«Samandrag:

KODE vil i perioden 2020/ 2021 ferdigstille to store prosjekter: El-fergen Ole Bull til Lysøen og nytt magasin for kunst og gjenstander i Bergen. El-fergen er ikke fullfinansiert, og restbeløp lånefinansieres. Det er innvilget statlig og kommunal støtte til leie, renter og avdrag for magasin, men det kreves garanti for selve lånebeløpet.

Om El-Fergen «Ole Bull»

Fergen til Lysøen i har lenge hatt behov for erstatning. For å ivareta miljøaspektet er det blitt egent og produsert en el-ferge, som betraktelig vil øke kapasiteten og sikre universell utforming. Fergen har et budsjett på kr 25 937 000, inklusive nye brygger, ladestasjon m.v. Prosjektet har fått støtte frå Hordaland Fylkeskommune, Kulturdepartementet og Os kommune, samt private på tilsammen 20 212 000. Restbeløp må lånefinansieres.

Om magasin

KODE har inngått leieavtale om nytt magasin for kunst og gjenstander utenfor Bergen sentrum. Magasinet skal frigjøre plass i KODEs museumssaler i sentrum av Bergen, og sikre forsvarlig lagringsvilkår. KUD og Bergen kommune har sikret tilstrekkelig årlig finansiering av leie, lån og avdrag på til sammen åtte millioner. Antatt lånebehov for ombygging er på 45 millioner. Lånetilbyder krever offentlig garanti pga av usikker økonomi etter koronakrisen.

Om lånetilbyder

Vi har innhentet to tilbud fra banker. Begge forutsetter offentlig garanti for lånebeløpet.»
(Sitat slutt)

Vurdering av tiltaka i søknaden:

El-katamaran til Lysøen

Kontrakt om levering av båten ble inngått 26. april 2019 mellom KODE Kunstmuseer og Komponisthjem og Måløy Verft AS. Opphavelag kontraktspris for el-katamaran var kr 21.010.000.

Gjennom ordninga Museumsløft 2018 innvilga Hordaland fylkeskommune kr. 625.000,- i prosjektilskot til nytt kaianlegg for museumsbåten.

Det hadde sjølv sagt vore langt rimelegare å basere ny passasjerferje på tradisjonell (fossil) teknologi, men det er ikkje ønskt. El-baserte passasjerkatamaranar er i seg sjølv ei nyvinning, og slik innovasjon kan i seg sjølv vere kostnadsdrivande. Det er ut frå dette, ikkje uventa at løysinga har vorte dyrare enn opphavleg føresett i kontrakten.

I kontrakten med Måløy verft, heiter det mellom anna:

«Kjøperen (har) rett til å ta levering av Skipet mot betaling av den ikke omtvistede del og fremskaffe bankgaranti eller annen tilfredsstillende sikkerhet til Verkstedet for den omtvistede del av kravet.» (Sitat slutt)

Skipet er no levert og har vore i drift i sommar. Å sluttfinansiere kjøpekontrakten, har no eit hastemoment over seg.

Fylkesrådmannen rår til at det vert innvilga lånegaranti til KODE Kunstmuseer og Komponisthjem på kr. 5 mill.

Magasin:

Om magasinsituasjonen skriv KODE (søknad til Bergen kommune - Sitat):

«Det arbeides det med å løse magasinbehov for KODEs samlinger. Situasjonen har gjennom mange år vært prekær, og skadet driften og hindret normal museumsdrift, med stengte lokaler og redusert tilbud, og skadelige lagringsforhold. Med leie av et eksternt magasin vil KODE kunne tilrettelegge for langsiktig god forvaltning. Etter en grundig prosess med befarings og utredning av eksterne bygg har vi funnet et egnet bygg på Kokstad som vil kunne bli fullt operativt ved en årlig kostnad på kr 8 millioner». (Sitat slutt)

KODE har inngått leigeavtale med Victora Eiendom 5 AS for lagring av kunst, kunstgjenstandar, konservering og vedlikehald av kunst og verksemd som naturleg høyrer til i tillegg til kontor i eit bygg på ca. 3024 m² på Kokstad. Leigeavtalen vart inngått 06.06.2019 og varer 30 år fram i tid og kan ikkje seiast opp i leigeperioden.

KUD og Bergen kommune har sikra tilstrekkeleg årleg finansiering av leige, lån og avdrag på til saman åtte millionar.

KODE har motteke tilbod på nedbetalingskreditt frå Sparebanken Vest på eit pålydande kredittbeløp på kr 50 mill. Som tryggleik for kreditten gjeld: «Selvskyldnerkausjon fra Vestland Fylkeskommune, Bergen Kommune eller annen offentlig instans godkjent av Sparebanken Vest. Pålydende NOK 50.000.000,-» (Sitat slutt)

Magasinsituasjonen ved KODE. Tidlegare sakshandsaming i VLFK

Saka «Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland og Sogn og Fjordane - samt magasinutfordringar for KODE « – vart handsama i PS 25/2019.

I saksutgreiinga heiter det:

«Prosjektet, som skal løyse KODE sine utfordringar knytt til magasin, har ikkje tatt omsyn til kva behov dei andre konsoliderte musea tidlegare har spelt inn i høve til oppbevaring/konservering av maleri, papir m.m. jf. evaluering av museumsreforma i Hordaland. Prosjektleiaren meiner difor at det nye magasinet på Kokstad er eit lokalt magasin for KODE sine samlingar. Prosjektet bør likevel vurderast opp mot intensjonsavtalen KODE har med Bevaringstenestene ved MuHo som seier at dei skal kunne tilby konserveringskompetanse på måleri og papirarbeid, dersom det føreligg auka tilskot eller andre samarbeidsavtalar på feltet».

Fylkestinget gjorde 17.12.2019 m.a. slikt vedtak:

1. «Fylkestinget ber om at dei aktuelle initiativa vert koordinerte og at ein vurderer ei eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta i samarbeid med Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, Musea i Sogn og Fjordane og KODE.
2. Finansieringa av nytt fellesmagasin må spegle det nasjonale, regionale og kommunale ansvaret som samlingsforvaltinga gjennom fellesmagasinet representerer. Fylkestinget ser det som ein føresetnad for realisering av prosjektet at finansiering av nytt fellesmagasin vert eit slikt felles løft, og ber difor fylkesrådmannen føreslå finansiering.

(...)

4. Fylkestinget ber om at ein snarlig får ei sak som går gjennom museumspolitikken i Vestland med utgangspunkt i ulike ansvars- og eigarskapstruktur, og korleis ein byggjer saman museumskulturen. Saka vert også framlagt for utval for kultur, idrett og integrering.»

Fylkesrådmannen meiner KODE sin søknad ikkje kjem handsaminga i Vestland fylkeskommune i møte når det gjeld koordineringa og planlegginga av felles magasin og speglar heller ikkje «det nasjonale, regionale og kommunale ansvaret som samlingsforvaltinga gjennom fellesmagasinet representerer.» Tiltaket med etablering av nytt magasin for KODE er heller ikkje skildra som noko satsing i regionale planar eller andre fylkeskommunale vedtak.

Finansiering av KODE

KODE kunstmuseer og komponisthjem er organisert som ei stifting og ikkje eit aksjeselskap som fylkeskommunen er majoritetseigar eigar i, slik som t.d. Det Vestnorske Teateret, som nyleg vart innvilga lånegaranti. KODE sitt styre har 7 representantar og Vestland fylkeskommunen peikar ut eit medlem. Vestland fylkeskommune bidreg i tillegg med årlege driftstilskot til museet.

Driftstilskot 2019

- Tilskot frå staten 26 430 000
- Tilskot frå fylkeskommunen 4 240 000
- Tilskot frå Bergen kommune 58 698 369 (der bortimot halvparten er til husleigeutgifter fakturert av Bergen kommune)

KODE sine statlege inntekter i høve til andre museum


| | Bevilget 2020 | Statlig andel | Besøksstall 2019 | Statlig støtte per besøkende |
|-------------------------|------------------|---------------|---------------------|---------------------------------|
| Nasjonalmuseet | 790 500 | 100 % | 582 620 | 1 357 |
| Folkemuseet | 173 920 | 100 % | 570 880 | 305 |
| Museene i Sør-Trøndelag | 130 415 | 76 % | 304 304 | 429 |
| Anno museum | 66 750 | 73 % | 224 670 | 297 |
| KODE Bergen | 30 140 | 29 % | 303 112 | 99 |

Kjelde: KODE

Den nasjonale politikken legg opp til at musea i det nasjonale museumsnettverket skal få opptil 60% finansiering frå staten og 40% regional finansiering (fylke og kommune). Det statlege tilskottet til KODE er på 29%. Innafor ramma av gjeldande nasjonale politikk er det altså rom for ei dobling av det statlege tilskottet - ei auke på over 30 mill. frå staten.

KODE sin økonomi

Nettstaden Proff.no baserer tala på Brønnøysundregistra. Her er eit oversyn over KODE sin økonomi.



Fylkesrådmannen ser med uro på den økonomiske stoda ved KODE. Slik det er no, vil alle større økonomiske utfordringar for KODE – som reparasjonar og restaurering av Lysøen (minst kr 20 mill.) – måtte verte finansiert med nye låneopptak og nye lånegarantiar. Over tid, vil dette forverre KODE sin gjeldssituasjon.

Forbetringar i årsresultat frå 2017 – 19, vil venteleg gå mot ei forverring igjen i underskottet i korona-året 2020.

Vurdering av garantirisiko

Ein garanti frå fylkeskommunen vil gje betre lånevilkår for museet. Garantien frigjer på denne måten midlar som kan nyttast i museumsdrifta. På den andre sida medfører garantistilling risiko for at fylkeskommunen må innfri stiftinga KODE si gjeld om drifta over tid ikkje er i balanse.

Staten har hovudansvar for finansiering av musea i det nasjonale museumsnettverket. Etter innspel frå kultursektoren avgjorde Regjeringa i mai 2020 at staten framleis skal ha hovudansvaret for musea. KODE sin søknad grunnjev vidare at kravet frå bankane om offentleg garanti er knytt til usikker økonomi etter koronakrisa. Fylkesrådmannen sin vurdering er at staten både har hovudansvar for finansiering av musea og samt etablere relevante kompesensasjonsordningar knytt til koronasituasjonen. Fylkesrådmannen vurderer at risikoen knytt til ein lånegaranti på 5 mill. til sluttfinansiering av el-ferga «Ole Bull» som akseptabel, men at risikoen knytt til ein lånegaranti på 50 mill. til nytt magasin er stor og at staten må ta hovudansvaret for finansiering av KODE.

Vedtakskompetanse: Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkeskommunen gjev lånegaranti for låneopptak ved KODE til fullfinansiering levert EL-katamaran, opp til kr 5 mill.

Klima/Folkehelse: Tiltaka i søknaden er ikkje av ein karakter som forureinar ytre miljø. Formidling av kunstopplevingar er styrkjande for folkehelsa.

Regional planstrategi: Tiltaka fell inn under Regional Kulturplan sine målsetjingar.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldmarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.

Fylkesrådmannen kan ikkje rå til at Vestland fylkeskommune innvilgar lånegaranti på kr. 50 mill. til forbetring av magasin situasjonen for KODE, då staten framleis har hovudansvaret for finansiering av musea.